

REGULERINGSFØRESEGNER FOR "HELLEBREKKA", DEL AV HODNE I LINDÅS
KOMMUNE, SIST ENDRA 26.06.1987.

- § 1. Det regulerte området som er synt i planen er nytta til:
- A) Byggjeområde for busetnad (inkl. fellesanlegg og interne fellesareal).
 - B Byggjeområde for forretning
 - C) Byggjeområde for almennyttige føremål.
 - D) Landbruksområde.
 - E) Trafikkområde.
 - F) Friområde.
 - G) Fellesareal

A) BYGGJEOMRÅDE FOR BUSETNAD

- § 2. På areala skal det byggjast bustadhus med garasjar.
- § 3. Utnytting av bustadhusa til anna enn bustad skal godkjennast av bygningsrådet.
- § 4. Bustadene skal oppførast i 1 høgde.
- § 5. På kvar tomt skal det vera plass til ein garasje samt biloppstillingsplass. Turvande parkeringsplass for kjellarhusvære eller anna bruk etter § 3 skal opparbeidast på eiga tomt.

B) BYGGJEOMRÅDE FOR FORRETNING

- § 6. Arealet F skal nyttast til forretning og kontor med tilhøyrande parkering.

C) BYGGJEOMRÅDE FOR ALLMENNYTTIGE FØREMÅL

- § 7. Arealet A1 skal nyttast til aldersbustader som Myking Aldersbustader skal byggja i tilknytning til eksisterande aldersbustader.
- § 8. Arealet A2 skal nyttast til nødvendig utviding av grenda-
huset som Myking Interesselag eig. Arealet skal også
gjeva nødvendig uteareal til barnehage som vert driven i
lokala, samt parkeringsareal tilknytt bruken av huset.

D) LANDBRUKSOMRÅDE

- § 9. Område som i planen er regulert til landbruksområde skal som før nyttast til tradisjonell landbruksdrift.
- § 10. Nye bygningar tilknytta landbruksdrifta kan oppførast innanfor områda.

E) TRAFIKKOMRÅDE

- § 11. Vegar inn i bustadområda er regulert med 4,0 m breidde. Mot veg kan det førast opp murar m.m. med høgde maks 0,8 meter. Murar, gjerde og hekkar skal plasserast min. 1,0 m frå regulert vegkant. Slike innretningar skal heller ikkje plasserast i frisiktssoner.
- § 12. Gjennomføring av vegtiltak i samsvar med planen vert sett i verk etter nærare avtale mellom vegkontoret og Lindås kommune.
- § 13. Tomtene 16, 17, 27, 28, 29 og gnr. 38 bnr. 28 får vegtilknytning delvis ved å nytta regulert gangveg.
- § 14. I grensa mot nabo kan det plantast hekk eller setjast opp gjerde med høgde maks. 0,8 m. Alle gjerde og murar høgare enn 0,8 m skal meldast til bygningsrådet som skal godkjenne plassering, høgde, konstruksjon og farge.

F) FRIOMRÅDE

- § 15. I friområde kan bygningsrådet tillata oppført bygningar og anlegg som har naturleg tilknytning til friområda og bruken av dei.
- § 16. Som ei mellombels ordning kan eigedomane gnr. 38 bnr. 75 og 76 opparbeida tilkomst frå veg 1.1 gjennom friområda langs traséen for turveg B.

G) FELLESAREAL

- § 17. Kvar av dei regulerte felles avkøyrslene er felles for dei eigedomane som vert løyst ut med avkøyrsel.

H) FELLESFØRESEGNAR

- § 18. Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova, og byggjeforskriftene.

- § 19. Etter at disse føresegnene er gjort gjeldande er det ikkje høve til ved servitutt (privat) å oppretta tilhøve som strir mot føresegnene.
- § 20. Innanfor ramma av plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne og departementet sine byggjeforskrifter, kan bygningsrådet gjera unntak frå desse føresegnene i høve der særlege grunnar talar for det.

Føresegnene er eigengodkjende av
Lindås kommunestyre 15. oktober 1987

Steiner Ekkeren

Steiner Ekkeren
bygningssjef
